
Fra: Anne-Kathrine Vabø <Anne-Kathrine.Vabo@hfk.no>
Sendt: tirsdag 16. januar 2018 12.54
Til: Anne-Kathrine Vabø
Emne: Tilskot til utvikling av attraktive senter 2018

Til kommunane i Hordaland

Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Fylkeskommunen inviterer til å søke om tilskot til prosjekt som kan bidra til utvikling av attraktive senter i fylket, og som stør opp om [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#). **Søknadsfrist 15. februar 2018.**

Kva kan støttast?

- Stadanalysar og mulighetsstudiar som skal auke kunnskapsgrunnlaget for planlegging av gode sentrumsområde
- Medverknadsprosessar utover minstekravet i PBL, for involvering av ulike grupper i sentrumsutviklinga
- Bygging av mindre pilotprosjekt og mellombelse byrom som kan skape aktivitet her og no

Vi oppmodar om å utvikle prosjekt med overføringsverdi. Normalt støttenivå er 50 000 – 150 000 kr.

Krav til søknaden

Prosjektet det vert søkt om tilskot til kan ikkje fullfinansierast av Hordaland fylkeskommune. Søknaden føreset kommunal og eventuelt anna finansiering i minst tilsvarende storleik som det søkast om. Det vert lagt vekt på god framdrift og politisk forankring lokalt. Delar av kommunen sitt bidrag kan vere i form av eigeninnsats..

Søknadar skal registrerast på www.regionalforvaltning.no, bruk støtteordninga "Tilskot til utvikling av attraktive senter". Tilskotsmidlane må brukast og rapporterast i 2018. Det er avgrensa midlar til utdeling.

Meir info og spørsmål

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/kommunal-planlegging/tilskot/>
Kontaktperson: Anne-Kathrine Vabø, tlf.: 957 01 145, e-post: anne-kathrine.vabo@hfk.no

Beste helsing

Anne-Kathrine Vabø

Spesialrådgjevar | arkitekt
Regionalavdelinga | Planseksjonen



telefon: 957 01 145
e-post: anne-kathrine.vabo@hfk.no
www.hordaland.no